



Årdal kommune

Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

MØTEPROTOKOLL

Møtedato: 21.09.2021

Møtetid:

Kl. 13.00 - 15.30

Møtestad: Møterom Kantina

Saksnr.:

Følgjande medlem møte	Parti
Heidi Mørkrid	
Karin Moen	
Patricia Seglem Lægreid	
Øystein Jarle Wangen	
Line Hillestad	AP

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møte	Parti
Dag Audun Strand		Laila Hansen	

Møteleiar:	Øystein Jarle Wangen
Frå adm. møte:	Kommunalsjef Helse, omsorg og NAV, Mette Hestetun Berg
Dokument utlevert i møtet:	
Synfaring:	

Merknader:

Underskrifter:

Odveig Borlaug
Årdal Eldreråd

Patricia S. Lægreid
Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel	
023/21	Godkjenning av innkalling, signering av møteprotokoll	
024/21	Status etter synfaring Årdalstangen	
025/21	Status etter synfaring Øvre Årdal	
026/21	Tilkomst Årdal kyrkje	
027/21	Tilkomst til biblioteket	
028/21	Parkeringsplassar i sentrum i Øvre Årdal	
029/21	Rullatorløp	
030/21	Ymse	

023/21: Godkjenning av innkalling, signering av møteprotokoll

21.09.2021 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtebehandling:

Gjennomgong av førre referat.

Mette informerar om saka fotterapi til kommunen. Fotterapeut i kommunen ynskjer å laga eit fellesskap slik at kommunen kan få betre service til kommunens innbyggjarar. Ynskjer hjelp frå kommunen. Fleire løysningar vert vurdert. Er i kontakt med svenske og danske rekrutteringsselskap for etablert fotterapeut. Kommunen jobbar med saka, men dette er mangelvare over alt.

Råda er engasjert i denne saka. Mangen reise utabygds for å få sine behov dekkja.

Toalettløysing for handicapa på senteret. Mette må sjekke.

Kområd- 023/21 Vedtak:

Ingen innvendingar til innkallinga

Odveig Borlaug (Eldrerådet) og Patricia S. Lægreid (Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne)

024/21: Status etter synfaring Årdalstangen

21.09.2021 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtebehandling:

På Tangen har det dessverre ikkje skjedd noko sidan synfaringa.

Kområd- 024/21 Vedtak:

Råda er informert i saka.

025/21: Status etter synfaring Øvre Årdal

21.09.2021 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtebehandling:

Steinar visar ein presentasjon med litt om kva som er gjort av utbedringar i Øvre Årdal. Men der er framleis ting å ta tak i.

Kområd- 025/21 Vedtak:

Råda er informert i saka.

026/21: Tilkomst Årdal kyrkje

21.09.2021 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtebehandling:

Steinar visar bilete frå tilkomsten. Bisperådet svarar ikkje på telefonar. Det er bedt om å få fjerna nokon av dei fremste radane i kyrkja. Og ynskje å få rampe inn via fronten til kyrkja.

Kområd- 026/21 Vedtak:

Råda er informert i saka.

027/21: Tilkomst til biblioteket

21.09.2021 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtebehandling:

Tilkomst til biblioteket via heis i Kaffistova. Denne får ikkje rullestolbrukarar nytta med mindre dei kan opne døra og halde den sjølv. No er einaste tilkomsten via senteret.

Dei automatiske dørene til kaffistova fungerer framleis ikkje, etter 1.5 år

Kområd- 027/21 Vedtak:

Råda er informert i saka

028/21: Parkeringsplassar i sentrum i Øvre Årdal

21.09.2021 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtebehandling:

Steinar Drægri sit i ei arbeidsgruppe (i kraft av stilling på Årdalssenteret) som skal sjå på behovet for fleire parkeringsplassar i sentrum. Gruppa har fleire idear til løysningar.

Odd Øvregard minnar om at Turistkontoret er i besittelse av mange tilbakemeldingar frå besøkjande på forholda i kommunen.

Kområd- 028/21 Vedtak:

Råda er informert i saka

029/21: Rullatorløp**21.09.2021 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne****Møtebehandling:**

Dette var ein stor suksess. Dette må råda får til som eit årleg arrangement.

Oddgeir Øren foreslår og at det vert sett av ein bestemt dato/eller veke då det forplikar meir, og hjelp med planlegginga.

Samtalar med Heidi Skeie for å finne ein dato/ei veke som passar. Denne kan då delast med sjukeheimane, så kan ein få organisert noko for moglege deltakarar der (busstransport).

Kan og undersøkje om der er nokon stad å søkje om midlar til å avhalde slike arrangement utan å nytta kulturmidlane.

Kområd- 029/21 Vedtak:

Begge råda er einige om at dette arrangementet må inn årleg.

030/21: Ymse**21.09.2021 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne****Møtebehandling:****Ringbussen**

Må oppmoe fleire om å nytta tilbodet. Markedsføra dette tilbodet betre. Brukargruppa er usikker på korleis å finne ut tidstabellar. Kan råda bidra til å marknadsføre tilbodet? Ber Nils om å dele kartet som han viste oss på førre møte.

Mette kan informere at saka var oppe i Formannskapsmøtet og det er blitt løyvd pengar til å få inn ein buss som er mindre og betre tilpassar hovudgruppa med brukarar. Dei ber og om at kringom skal sjå på tilbodet i Seimsdalen.

Hjartestartarar

Kven er det me ynskjer registrering på hjartestartarar for?

Kor skal ein registrere? Fleire stadar å gjere dette. Line foreslår at dette må samkøyrast med amk-sentralen, slik at dette kunne AMK opplyst innringarar om ved nødstilfelle. Mette tilbyr seg å ta kontakt med 113 og høyre om dei har nokon plan for hjartestartarar.

Brukarutvalet i Helse Førde

Øystein har motteke messenger ang eit møte som avholdast idag, men han har ikkje motteke dette innkallinga.

Møtedato - budsjettmøte

Pga mange flyttingar av møtedatoar i formannskapsmøte så er budsjett behandlinga flytta. Så råda må ha informasjonsmøte om budsjett og komme med uttale iløpet av veke 47.

Nytt helsesenter:

Ombygging av Årdal sjukeheim, det er vedtaket. Men det er sett igong ein jobb med å sjå på om tomta til Årdal sjukeheim er egna til ombygging. Grunnundersøkjinga av tomta er ikkje god nok, så ein må finne ut om tomta er "sterk nok" til å tåle eit potesielt stort bygg.

Seimsdal sjukeheim skal bestå.

Prosjektplan skal utarbeidast framover.

Kområd- 030/21 Vedtak:

Råda einast om å ta Budsjettmøte 22. november 2021 kl. 13:00. Inviterar Geir.